

land, men dreiv båten som redar. Det gjekk så godt med drifta at han vart ein velstående mann.

Han vart i 1938 gift med Emma som var frå Bergenskantane, og dei fekk ein son Arnold, som gjekk universitetsstudie i fiskerifag og starta fiskeforetning.

Harald sjå side 2.

6.

Nils Olsen Båtstø 1869 - 1948.

Han vart fødd på garden Båtstø, og av yrke vart han som dei fleste ungdommar då delt mellom gardsarbeid og fiskeri. Han var og i fleire år på storsildfiske på Vestlandet.

Då han vart gift med Margrethe Lindseth, vart han nokre år husmann på Båtstøengenget, men fekk så overta bruket etter far sin som då var vorten enkjemann. Dette bruket var jo nokså lite (1/4 jord) så han måtte då ut på anna arbeid delvis for å skaffe levebrød.

Han hadde ei klår og god sangrøyst, så han vart mykje nytta som liksomgar i bygda. Ellers så var han nokså flink med kniven, så han arbeidde m.a. mykje tresko og lugglestar.

Nils og Margrethe fekk desse barna:

Heitmand 1891 - 1981.

Som 19 åring reiste han til Amerika, der han den første tida dreiv i skogen om vintrane og som "hyrakar" på farmane om somrane.

Då han vart gift med ei norskætta dame, fekk han kjøpe ein ubebygd farm som låg inn til svigerforeldra sine, og då dei døde fekk han forpakte den i tillegg, så det vart då ein vanleg bra farm. I nokre nødår måtte han forlate farmen og ta seg anna arbeid, men når tidene vart betre tok han til med farminga att, og det gjekk til slutt riktig bra.

Etter at kona hans døde reiste han heim til Norge, og fekk då med seg ei enkje, Konstanse Løkås, som han gifta seg med, og dei dreiv farmen i nokre år. Etter det kom dei begge tilbake til Norge og kjøpte seg hus på Sandnes der dei levde den siste tida. Han hadde tre barn.

Marius f.1894.

Han reiste og til Amerika, men han døde vistnok av lungebetennelse eit par år etter.

Bang f.1898 d.1964.

Hans virksomhet vart mest på sjøen. Etter at han tok kystskipperskolen hadde han jobbar som skipper på reisande båtar, frakteskuter og snurpefarty m.a.

Han vart gift med Kaia Nilsen frå Holmvik, og han overtok garden etter foreldra som han då dreiv ved sia av sjølivet.

Dei fekk fire barn.

Hulda f.1900 d.1981.

Ho vart gift med Ragnvald Solvang, og dei kjøpte bruket Valdøl på Leines.

Dei fekk seks barn.